

## **Innleiing til Flytt til Hardanger – Attraktive bukommunar, 2011 - 2015**

Flytt til Hardanger vart starta opp i 2007, og med bakgrunn i gode erfaringar frå prosjektfase 1, skal ein no ta fatt på prosjektfase 2. Namnet for denne prosjektfasen er ”Flytt til Hardanger – Attraktive bukommunar” og prosjektperioden er frå jan. 2011 til jan. 2015. Frie midlar i prosjektet er Nok 982 500 årleg, og det er rekna inn ein eigeninnsats frå kommunane på Nok 1 275 000 årleg. Fylkeskommunen bidrar med Nok 770 000 årleg. Det er tilsett prosjektleiar i 50 % stilling.

Hordaland fylkeskommune var den største økonomiske bidragsyta i fase 1, og er ein viktig bidragsyta og i fase 2. I tillegg til finansiering, har Hordaland fylkeskommune bidrige med fagkompetanse på marknads- og prosjektarbeid samt formidling av nyttige kontaktar, dette har vore og er svært viktig.

Det er identifisert 3 strategiar i prosjektfasen:

1. Attraktive bukommunar: Omgrepet ”attraktive bukommunar” vert her definert som: Variert utval på bustadmarknaden, god tilgang på språkkurs, sosiale møtestader og eit lokalsamfunn som involverer seg i tilflyttarar. Godt kommunevertskap og gode rutinar for tilflytting i kommunane inngår òg i omgrepet ”attraktive kommunar”.
2. Involvering og informasjon: Involvera personar i prosjektet gjennom informasjon og deltaking i ulike fora.
3. Marknadsføring og rekruttering av tilflyttarar: Felles marknadsføring av regionen og rekrutteringstiltak tufta på regionalt perspektiv.

Det er oppretta ei Styringsgruppe for prosjektet som har ansvar for overordna planverk, økonomi og gjennomføring. Styringsgruppa består av: Prosjektansvarleg: Dagleig leiar i Hardangerrådet, 1 fylkeskommune, 7 rådmenn, 1 ungdom og 1 Hardangerrådet.

Vidare er det oppretta/skal det opprettast 4 arbeidsgrupper: Kommunegruppe, marknadsføringsgruppe, bustadgruppe og språkopplæringsgruppe.

Det er pårekna ein betydeleg eigeninnsats frå kommunane, og det er gjort heradsstyrevedtak i alle sju kommunane/herada om at det skal setjast av 40 % stillingsressurs til å arbeida med Flytt til Hardanger-prosjektet. Vidare er fylgjande moment identifisert som viktige arbeidsområde for kommunane: Utarbeiding og gjennomføring av bustadplan på lokalt og regionalt nivå, bruk av heimeside til FTH for å publisera ledige hus og stillingar, sosiale møtestader for innbyggjarar, språkopplæring, innarbeida omgrepet ”Ja, det ordnar me” i organisasjonen, støtta samfunnsentreprenørar, dvs tilrettelegging for eldsjeler og etablerarar, mål om å bli næringsvennlege kommunar med rask sakshandsamingstid og tilgjengeleg areal/bygningar til næringsføremål, fokus på ungdomsråd, fokus på å gjera oppvekstvilkåra/miljøet til det ”aller beste”, dvs prioritering av kvalitet i barnehage- og grunnskuletilbod og at ein har eit regionalt fokus på utviklingsarbeidet i kommunen.

Gjennom samarbeid med Husbanken skal prosjektet utføra ei analyse av bustadmarknaden og utarbeida ein regional bustadoversikt. Prosjektet skal òg utarbeida ei analyse av kven som har flytta til regionen siste 3 år og korleis denne prosessen har vore. Vidare vil ein forsøka å identifisera viktige faktorar for å bli buande i regionen. Dette analysearbeidet vil gje verdifull informasjon om viktige faktorar i arbeidet med å skapa attraktive bukommunar.

Bustad er ein nøkkelfaktor for auka tilflytting i mindre distriktskommunar, og er eit viktig verktøy i regional utvikling. Me har opplevd at i mindre kommunar med mindre bustadmasse er det trong for ein meir aktiv bustadpolitikk som inneber kartlegging, kontakt med huseigarar og bruk av politiske verkemiddel. Ifylgje marknadsundersøking prosjektet gjennomførde i 2008, er attraktive bustadtomter, dvs rause og ofte sentrumsnære tomter, eit verkemiddel for å få utflytta hardingar til å flytta heim att. Ein aktiv bustadpolitikk på regional og lokalt nivå, er avgjerande for at regionen skal kunna tiltrekka seg nye tilflyttarar.

Framskrivningar frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) indikerer at tal innbyggjarar i Hardanger vil verta ytterligare redusert fram mot 2030. SSB fremskriv folkemengden basert på antakelser om fruktbarhet, levealder, innenlands mobilitet og nettoinnvandring. I fylgje SSB er positiv nettoinnflytting den viktigste kilden til å snu denne utviklingstrenden, sidan dagens befolningsstruktur ikkje gjev naturlig vekst gjennom fødselsoverskudd mogleg.

Auke i utpendling frå regionen viser at den funksjonelle arbeidsmarknadsregionen blir større, og at det er fleire som kombinerer arbeidsplass utanfor regionen med bustad innafor regionen.

I fylgje Asplan Viak etterlyser bedriftsleiarane i regionen fleire sosiale møteplassar, eit større tilbod av utleigebustader og sterke regionale sentra som kan tilby eit breiare spekter av varer og tenester til sitt omland.

Når det gjeld flyttemotiv er det ikkje berre arbeid som er avgjerande, sjølv om det er blant dei viktigaste flyttemotiva. Utdanning, nærliek til familien, tryggleik og kven me vil vera som menneske er viktige i vurderinga av flytting. Staden me bur på er ein del av vår identitet. I tillegg viser det seg at nærliek til natur kjem høgt opp i norske studier, spesielt i samanheng med flytting til rurale strøk. Kjetil Sørli, forskar ved NIBR, påpeikar at flyttemotivet vert endra i samanheng med ulike livsfasar. Skular og oppvekstmiljø er viktigare enn tilgang til kafear og utestadar viss du er i familiefasen.

Men sjølv om SSB spår oss nord og ned, vil me fortsetja det gode tilflyttingsarbeidet, for hardingen er ikkje uvant med å gå motstraums. Me vil nytta oss av det gode arbeidet som vart gjort i førre fase i marknadsføringsgruppa og ta med oss nøkkelorda: Lukka, friluft og tryggleik inn i det viktige rekrutteringsarbeidet me skal gjennomføra i siste del av prosjektet. Og med eit slagord som lyder ”Ja, det ordna me!”, skal me i prosjektet arbeida jamt og trutt med von om ei fortsatt god utvikling i Hardanger.

Med beste helsing

**Prosjektleiar Anette T. Hjeltnes**

## **Innhold**

DEL 1: STRATEGIPLAN FOR FLYTT TIL HARDANGER .....	5
– Attraktive bukommunar, 2011 - 2015 .....	5
Visjonen .....	5
Hovudmål .....	5
Rammer for prosjektet.....	5
Strategiar for Flytt til Hardanger 2011 – 2015: .....	5
Tiltaksplan for strategiane .....	6
1. Attraktive bukommunar .....	6
2. Involvering og informasjon .....	7
3. Marknadsføring og Rekruttering av tilflyttarar .....	7
Organisering av tiltak .....	8
Budsjett.....	9
Målekriterium.....	10
Samordning av regionale prosjekt underlagt Hardangerrådet: .....	11
Kommunane si rolle .....	11
DEL 2 : BAKGRUNNSMATERIALE .....	12
Viktige erfaringar frå Flytt til Hardanger, 2007 – 2010 .....	12
Organisering av prosjektarbeidet.....	12
Informasjon .....	13
Raske resultat .....	13
Bustad.....	13
Marknadsføring .....	14
Oppnådd ei sterkare regional kjensle .....	14
Kontakt med prosjektmedlemar .....	15
Regional utvikling framover .....	15
Vidareføring av aktivitetar .....	15
Tilbakemelding på prosjektet (2007 – 2010) frå Hardangerkommunane.....	16
Bakgrunnsmateriale for prosjektperiode 2011 - 2014: .....	18
ASPLAN VIAK: Utdrag frå Mogelegheitsstudie Hardangerbru .....	18
Asplan Viak: Utdrag frå Næringsanalyse Hardanger .....	20
Østlandsforskning: Utdrag frå Regionenes kamp - om tilflyttingsprosjekter.....	22
Hardangerscenariet 2030, Berrefjord og Thomassen .....	23
Innspel til prosjektinhald, referat frå kommunevitjing 2011 .....	26

Innspel frå Kommunegruppa (kontaktperson frå alle kommunane):	31
DEL 3: STATISTIKK .....	31
Pendlestatistikk.....	31
Befolkningsstatistikk .....	32
Framskriving SSB .....	32
Samansetting av folkeveksten .....	32

## **DEL 1: STRATEGIPLAN FOR FLYTT TIL HARDANGER**

### **– Attraktive bukommunar, 2011 - 2015**

#### **Visjon – mål - strategiområde**

##### **Visjonen**

Hardanger skal vera ein utviklande region med fokus på tilflytting, trivnad og regional samarbeid. Hardanger skal ha attraktive bukommunar.

##### **Hovudmål**

Hovudmålet er å gjera Hardangerkommunane til attraktive bukommunar. Gode og varierte bustadtilbod, møtestader og eit inkluderande lokalsamfunn skal vera kjenneteikn ved Hardangerkommunane.

Flytt til Hardanger skal i lag med kommunane rekruttera tilflyttarar med det føremål å auka folketalet. Ved prosjektslutt skal kommunane ha etablert gode ordningar/rutinar for handtering av tilflytting.

**Slagord for prosjektet og Hardanger:** Dette skal vera eit gjennomgåande motto for alt arbeid som vert gjort i prosjektet og eit kjenneteikn ved Hardangerkommunane:

**”Ja, det ordnar me”**

##### **Rammer for prosjektet**

Totalramma for prosjektet er 9 030 000. Fylkeskommunen er omsøkt 3 080 000 kr i tilskot. Eigeninnsats frå kommunane er kalkulert til 5 100 000, og eigenkapitalen er 850.000 kr. Tidsramma for prosjektet er 4 år, med prosjektoppstart januar 2011, og prosjektslutt januar 2015.

##### **Avgrensingar i prosjektet**

Innafor prosjektet si økonomiske ramme ligg kostnad ved prosjektleiing og dei utgifter som styringsgruppa godkjener i prosjekt- og delprosjektplanar.

Kommunane sin bruk av eigne tilsette inngår som eigeninnsats i prosjektet.

Styringsgruppa si innsats går inn som kommunane sin eigeninnsats, det same gjeld den ressursinnsats og eventuelle reiseutgifter kommunalt tilsette får ved deltaking i prosjektet.

Innan dette prosjektet si økonomiske ramme ligg ikkje gjennomføring av lokale tiltak i einskildkommunane.

Prosjektet skal halda seg innafor dei krav og rammer Hordaland fylkeskommune stiller i sitt tilsegnssbrev.

Prosjektet bør sokja i størst mogleg grad å få med friviljuge lag og organisasjonar i prosjektarbeidet.

##### **Strategiar for Flytt til Hardanger 2011 – 2015:**

- Attraktive bukommunar:** Omgrepet ”attraktive bukommunar” vert her definert som: Variert utval på bustadmarknaden, god tilgang på språkkurs, sosiale møtestader og eit lokalsamfunn som involvera seg i tilflyttarar. Rutinar for tilflytting i kommunane vert òg lagt inn i omgrepet ”attraktive kommunar” då god tilgang på informasjon og møte med personar som er kunnskapsrike og hjelpsame i ein flytprosess, er viktig.

**2. Involvering og informasjon:** Ein vil forsøka å involvera personar i prosjektet gjennom informasjon og deltaking i ulike fora.

**3. Marknadsføring og rekruttering av tilflyttarar:** Ein vil gjennomføra felles marknadsføring av regionen og rekrutteringstiltak tufta på regionalt perspektiv.

## Tiltaksplan for strategiane

### 1. Attraktive bukommunar

Oppstart: 2011

Slutt: Jan. 2015

**1. Bustad:** Dette er det viktigaste arbeidsfeltet i 2011 og 2012. Arbeid på dette feltet omfattar analyse av bustadmarknad, utarbeiding av regional oversiktsplan for bustad med nødvendige tiltak, samarbeid med politikarar, kommuneadministrasjon, utbyggjarar, uteigarar og Husbanken. Ein vil vurdera å oppretta regional bustadgruppe etter kvart som arbeidet skrid fram. Ein må sikre at det er tilstrekkeleg utval i bustadmarknaden før ei marknadskampanje.

**2. Norskkurs:** Ein må på regionalt nivå ha gode ordningar for norskkurs der ein sikrar at utanlandske tilflyttarar får tilgang på kurs innan ei viss tid etter ankomst og at kursa er intensive, slik at ein kan koma inn i arbeidslivet etter kort tid, f. eks. 2-3 mnd.

**3. Skaffe informasjon om tilflyttarar:** FTH vil sökja å få eit samarbeid med AUD (Analyse, utgreiing og Dokumentasjon) hjå Fylkeskommunen for å få utarbeidd og gjennomført ei undersøking der ein ser på kven som har flytta til Hardanger i perioden 2005 – 2010, og ein utformar ei spørjeundersøking blant tilflyttarar om korleis flytteprosessen har vore og kva erfaringar dei har gjort seg. Vidare må ein forsøka å få kunnskap om kva faktorar som er viktige for at tilflyttarane skal bli verande i regionen.

**4. Sosiale møtestader:** Er det tilstrekkeleg tilrettelagt for sosiale møtestader i regionen, vurdere utval av kafear, bibliotek og andre møtestadar. Kan ein tilrettelegga betre gjennom f. eks lokalisering og opningstider. Involvering av friviljuge lag og bygdelag i integreringsprosessen, men og informera tilflyttarar om at god integrering forutset eigeninnsats av dei, f. eks gjennom involvering i frivillig lagsliv.

**5. Omdømearbeid:** Korleis kan innbyggjarane i Hardangerkommunane verta gode ambassadørar for sin region/kommune? Kopla inn erfaringar som Eidfjord, Odda og Jondal har gjort seg gjennom Omdømeskulen. I tillegg bør einskildkommunane samarbeida med lokale tettstadprogram/ lokalsamfunnsutviklingsprogram.

## **6. Førstelineteneste – tenestetorg**

Vidareføre regional møtestad for tenestetorga der ein utvekslar erfaring og får motivasjon til å vera gode kommunevertar.

## **7. Gode rutinar for tilflytting**

Få gode rutinar for henting av lister over nytiflytta og utdeling av velkomstmapper. Vidare må ein ha ein mal og gode rutinar for å svara mailførespurnader direkte til kommunane og via heimesida til FTH.

**8. Innarbeiding av omgrepene ”Ja, det ordnar me”:** Innhaldet i slagordet skal skildra arbeidet som vert gjort i prosjektet, og bør vera ei haldning ein forsøker å innarbeida i Hardanger-kommunane.

## **2. Involvering og informasjon**

Oppstart: Jan 2011

Slutt: Jan 2015

1. **Heimeside:** Heimesida må gjennomgå ei omfattande oppgradering med tanke på ”marknadsføringsdelen” der ein nyttar omgropa ”Lukka, friluft og tryggleik” meir tydeleg, og ein må søkja å laga sida meir informativ om næringsliv og etableringsmoglegheiter i regionen. Databasefunksjonane på ledige stillingar, hus, barnehage og skule er bra, men ein må sikre meir stabile driftsløysingar enn det ein har i dag.
2. **Arrangere temasamling ved behov:** Det er avtalt ein større bustadkonferanse i Ulvik i mai 2011 med foredragshaldarar frå Husbanken, Fylkesmannen i Hordaland, Naustdal kommune, Lerche arkitekter og 2 private entreprenørar.
3. **Informasjon til diverse råd og utval:** FTH vil bidra med inninformasjon/utfordra til diskusjon på relevante tema i Hardangerrådet, rådmannsforumet, Hardingtinget, Hardanger ungdomsråd og Hardangerkonferansen.
4. **Kontakt med media** om aktivitet. Har mål om 3 – 4 oppslag i året i kvar av dei lokale avisene/radio. Dette utelukker sjølv sagt ikkje aktivitet frå den enkelte kommune.

## **3. Marknadsføring og Rekruttering av tilflyttarar**

Oppstart: 2012 (hovudtyngd 2013 og 2014)

Slutt: Jan. 2015

Strategien for dette feltet er ikkje fullstendig definert då ein ynskjer å sjå samfunnsutviklinga dei to neste åra før ein bestemmer seg konkret for kva land i Europa ein skal sikta seg inn mot både når det gjeld arbeidskraftrekrytering og

rekryttering av livsstilsflyttarar. Måletta rekryttering i større skala vil først finna stad om to år, sjølv om ein startar med noko aktivitet i 2012. Det er sortert ut 5 sannsynlege punkt med ”ei generell skildring av tiltak”.

**1. Nav Eures:** Delta på arbeidsmesser i regi av Nav Eures. Ha dialog med næringslivet gjennom Hardanger næringsråd og kommunane ved rådmenn for å få kartlagt behov for arbeidskraft, delta på messer der ein kan finna relevant arbeidskraft.

**2. Nordsjøarbeidarar:** Få samarbeid med formidlingsorgan, f. eks. fagblad for Nordsjøarbeidarar og messer der ein kan rekryttera nye tilflyttarar. Ein vil vurdera å utvida dette til andre langskiftarbeidarar.

**3. Annonse i aviser/blad** for å tiltrekka seg livsstilsflyttarar frå Europa. Ein bør og vurderer messedeltaking om ein finn messer der ein vil nå denne gruppa.

#### **4. Utflytta hardingar:**

**Oppdatere klasselister:** Oppdatere klasselister på utflytta hardingar i alder 28 – 35 år

**Sende ut nyhendebrev** 1 - 2 gongar i året

**Bergenstreff:** Men vurdere mot andre byar

**5. Nasjonal kampanje:** Med fokus på Oslo og Bergen, denne kampanjen kan innehalde felles jobbutlysingsannonse + regional informasjon i Aftenposten og BT, samordning mellom kommunar og næringsliv, nettreklame på Aftenposten og BT, buss og radioreklame.

**6. Overnattingsstadar i Hardanger og festivalar i regionen:** Ein vil vera synleg med informasjon om butilhøve i Hardanger ved overnattingsstadane i regionen og under større lokale festivalar. Dette vil vera på plass før sesongen 2012. Om Hardanger 2014 bli realisert, vil ein søkja samarbeid med dei.

**7. Brosjyre til tunnel- og bruarbeidarar:** Leggja ut synlege brosjyrer om Hardanger som buregion på overnattingsstadar for tunell- og bruarbeidarar / anleggsarbeidarar i regionen.

**Det vil bli satt saman ei marknadsføringsgruppe på 4 – 6 personar januar 2012 som skal arbeida med desse tema og utarbeida eigen marknadsplan.**

## **Organisering av tiltak**

Flytt til Hardanger – attraktive bukommunar – vil ha prosjektleiing i 50 % stilling. Ein vil ha fylgjande grupper:

**1. Styringsgruppe:** Prosjektansvarleg (PA), 1 fylkeskommune, 7 rådmenn, 1 ungdom og 1 Hardangerråd.

Ansvar: Overordna planverk og økonomi samt gjennomføring av prosjekt.

**2. Prosjektgruppe:** PL, PA, 1 fylkeskommune, 1 rådmann, 1 ungdom  
Ansvar: Diskusjonspartnarar for PL, framdrift i prosjekt.

**3. Kommunegruppa** som eige delprosjekt der alle kommunane deltek med kontaktpersonen sin. Ansvar for tiltak under "attraktive kommunar" + deltaking i tiltak under dei to andre strategiane. Gruppa vart oppretta januar 2011.

**4. Marknadsføringsgruppa**, medlemar skal vera personar med same alder som målgruppe og der nokre av medlemane skal ha marknadsføringskunnskap. Denne gruppa blir danna i 2012, og vil ha ansvar for rekrutteringskampanje.

**5. Bustadgruppe**, min 1 representant frå kvar kommune, enten frå leiarnivå eller planavdeling. Det er behov for denne gruppa i tillegg til kommunegruppa for å utarbeida ein regional bustadoversikt basert på kommunale bustadplanar som vert samla i eit overordna oversiktsdokument. Husbanken vil vera rådgjevar for gruppa. Formålet med denne gruppa er å sikre at Hardanger har eit godt og variert utval på bustadmarknaden, og ein vil bruka bustad som eit verkemiddel i regional utvikling.

**6. "Språkopplæringsgruppe":** Laga møtepunkt der rektorar/ansvarlege for norskopplæring for kommunane kan fortelja om eksisterande ordning og utreda moglegheit for utvida regionalt samarbeid. Det vil verta fokus på intensivkurs for arbeidsinnvandrarar.

Det vil bli kjøpt inn konsulenthjelp ved behov, og då særskild innafor data/IT og marknadsføring, dvs oppgradering av heimeside og reklamekampanje, og oppgradering av marknadsuttrykk. Ein vil forsøka å involvera friviljuge lag, men dette vil skje kommunevis.

## Budsjett

Kommunale deltakarar vil ikkje få utbetalt møtehonorar for arbeidet i gruppene, dette inngår i Kommunane sin eigeninnsats. Fylkeskommunale representantar vil heller ikkje få utbetalt møtehonorar. Andre deltakarar vil få utbetalt møtehonorar. Når det vert halde temasamlingar skal kommunane betale for kurs, kost og losji for politikarar og tilsette. Dei overordna rammene for ressursgruppene vert godkjente på møtet i mai 2011. Rammene skal dekka alle utgifter på dei ulike prosjektområda.

### BUDSJETT

#### Prosjektleiing, inkludert sos omkost, tlf, data og kontorkostnader

Sum årleg: kr. 470 000  
Sum totalt: kr 1 880 000

#### Reiseutgifter:

Sum årleg: kr. 50 000  
Sum totalt: kr. 200 000

#### Marknadsføring

Sum årleg: kr. 200 000  
Sum totalt: kr. 800 000

#### Tenestekjøp:

Sum årleg: kr. 150 000  
Sum total: kr. 600 000

#### **Administrasjonskostnader Hardangerrådet (inkl.rekneskap)**

Sum årleg: kr. 40 000  
Sum total: kr. 160 000

#### **Andre driftskostnader (t.d møtegodtgjersla til eksterne medlemar)**

Sum årleg: kr. 72 500  
Sum total: kr. 290 000

#### **Totale prosjektutgifter (betalbare utgifter til prosjektet)**

Sum årleg: kr. 982 500  
Sum 4 år: kr. 3 930 000

#### **I tillegg er det rekna ein eigeninnsats frå Hardangerkommunane tilsvarande:**

Sum årleg: kr. 1 275 000 kr.  
Sum total: kr. 5 100 000 kr.

#### **Totale prosjektkostnader, inkludert kommunal eigeninnsats**

Sum årleg: kr. 2 257 500  
Sum total: kr. 9 030 000

### **Finansiering**

#### **Kommunane, innbetalt til prosjektet**

Sum årleg: kr. 212 500  
Sum total: kr. 850 000

#### **Eigeninnsats**

Sum årleg: kr. 1 275 000 kr.  
Sum total: kr. 5 100 000 kr.

#### **Sum kommune**

Årleg: kr. 1 487 500 (66 %)  
Totalt: kr. 5 950 000 (66 %)

#### **Fylkeskommunen:**

Sum årleg: kr. 770 000 (34 %)  
Sum total: kr. 3 080 000 (34 %)

### **Målekriterium**

- Har ein klart å ferdigstilla ein regional bustadoversikt og vert denne brukt aktiv av prosjektet og kommunane? Intervju av PL og kommunekontaktar, eventuelt pluss kommuneleiing/politikarar.
- Finst det tilgang på intensive norskkurs i regionen som sikrar at tilflyttarar får tilgang på kurs innan 1 - 2 mnd etter flytting? Kartlegging av tilbod i kommunane i 2015.

- Godt tilflyttarvertskap i kommunane og kunnskapsrik førstelineteneste – Bruke eksternt byrå/AUD til å teste dette
- Er innbyggjarane gode ambassadørar for Hardanger?
  - Bruk av eksternt byrå/AUD til å teste dette.
- Tilflyttingstal/utflyttingstal, særskild i 2013 og 2014
- Tal kontakt på heimeside under og etter marknadskampanje
- Intervju av kommunetilsette og politikarar om verknaden av prosjektet

## **Samordning av regionale prosjekt underlagt Hardangerrådet:**

Ein må lage møtepunkt for alle prosjekt under Hardangerrådet, så ein kan samarbeida og skapa synergier og gje kvarande motivasjon i utviklingsarbeidet.

1. Faste møter 2 gongar i året mellom fylgjande prosjekt/personar underlagt HR:

### **Formål: Informasjonsutveksling og samarbeid**

1. Flytt til Hardanger: Anette T. Hjeltnes
2. Næringshagen i Odda: Marie Opheim Fadnes
3. Hardanger Ungdomsråd: Leiar Vilde Hamre
4. Hardanger 2014: Lars Erik Klafstad
5. Team Hardanger: Tone Søgård
6. Hardangerrådet: Leiv Vambheim
7. Merkevare Hardanger: Helge Møller
8. Leiar Reisemål Hardangerfjord: Hans Jørgen Andersen

Rådsordførar og leiar i rådmannsforumet vil òg bli invitert til desse møta.

2. Invitera alle prosjektleiarar under HR og tilsette i HR på ”pressekurs”: Korleis skriva gode pressemeldingar, korleis få spalteplass/taletid i lokal, regional og nasjonal presse?  
Krevje at alle prosjekta underlagt Hardangerrådet skal ha minimum 2 pressemeldingar/presseoppslag i året.

## **Kommunane si rolle**

1. **Stillingsressurs og deltaking i prosjekt:** Ifylge vedtak fatta i alle 7 kommunestyra i Hardanger, har einskildkommunen forplikta seg til fylgjande:

*1. NN kommune/herad er positiv til arbeidet med prosjektet Flytt til Hardanger og vil delta aktivt i vidareføringa av prosjektet.*

*2. NN kommune/herad vil øyremerka kommunale ressursar på til saman 40% stilling til dette arbeidet.*

2. **Intern organisering:** Basert på erfaring frå førre prosjektperiode, må ein oppretta ei intern arbeidsgruppe i kommunane som sikrar informasjonsflyt og gjennomføring/oppfølging av tiltak. Denne gruppa bør bestå av fylgjande personar: Ordførar, rådmann, næringssjef, kontaktperson og tenestetorg. For å halda fokus på aktivitetane bør ein ha jamnlege møte, gjerne 1 gong i mnd.

### **3. Fokusområde 2011 – 2014**

- Utarbeiding og gjennomføring av bustadplan, bidra til regional bustadoversikt
- Aktiv bustadpolitikk, bruk av politiske verkemiddel
- Synleggjering av bustadtilbod på heimesida til FTH
- Arbeida aktivt for å oppretta/vedlikehalda sosiale møtestader for innbyggjarar
- Innarbeida omgrepet ”Ja, det ordnar me” i organisasjonen, dette må bli eit kjenneteikn ved Hardangerkommunane
- Språkopplæring for tilflyttarar
- Informasjon til utflytta hardingar, alder 30 – 35 år (25 – 40 år)
- Aktiv bruk av eiga heimeside til å gje informasjon, leggja ut ”gode eksempel / historiar frå lokalmiljøet”
- Støtta samfunnsentreprenørar, dvs tilrettelegging for eldsjeler og etablerarar
- Mål om å bli næringsvennlege kommunar med rask sakshandsamingstid og tilgjengeleg areal/ bygningar til næringsføremål
- Inkludering av ungdomar, fokus på ungdomsråd
- Fokus på å gjera oppvekstvilkåra/miljøet til det ”aller beste”, dvs prioritering av kvalitet i barnehage- og grunnskuletilbod
- Regionalt fokus på utviklingsarbeid

**Alle som kontaktar kommunen med spørsmål må få eit svar:  
”Ja, det ordnar me!”**

Dette må verta eit kjenneteikn for Hardangerkommunane.

## **DEL 2 : BAKGRUNNSMATERIALE**

Erfaring, forsking, trendar og innspel

### **Viktige erfaringar frå Flytt til Hardanger, 2007 – 2010**

(Skrive av Anette T Hjeltnes, januar 2010)

#### **Organisering av prosjektarbeidet**

Det er viktig å bruka god tid på grunnarbeidet og ha ein open innfallsinkel; Kva seier forsking om dette temaet, kva er erfaring frå liknande prosjekt, få innspel frå ulike miljø som skal involverast i prosjektet, m.m. Når grunnarbeidet er unnagjort, lagar ein ein overordna ”Strategi og handlingsplan” for ulike arbeidsfelt med tidsfristar. Når denne planen er utarbeidd med innspel frå og diskusjon i ulike miljø, er det viktig at planen vert vedtatt og fylgt. Ein skal vera open for å ta inn nye moment og å endra på aktivitetar, men hovudfokus må vera å gjennomføra tiltaka og aktivitetane som er identifisert i planen.

Det har vore ein styrke i prosjektet å ha eit stort budsjett og ein arbeidsplan som har arbeidd inn mot 7 kommunar og mange miljø i Hardanger. Når ein har 7 kommunar som arbeidsområde har ein meir å tilby når det gjeld arbeid for to, bustader, kultur- og fritidstilbod. Ein framstår som eit meir komplett tilbod inn mot potensielle tilflyttarar.

I ”Flytt til Hardanger” har ein samarbeid med kommuneadministrasjon ved kontaktperson, tenestetorg og rådmann, desse har vore involvert i innhald, aktivitetar og framdrift i prosjektet. Prosjektet var initiert av politikarane i regionen, men overlatt til administrasjonen i gjennomføringsfasen, dette har fungert bra når ein ser på framdrift i prosjektet. Men kommunepolitikarane har vore meir perifere i høve prosjektet. PL har orientert i Hardangerrådet to gongar i året, og har vore på ein informasjonsrunde i alle kommunestyre, men det har vore veldig ulikt kor mykje ordførar og administrasjon har informert om og diskutert prosjektet i eigne kommun-/ heradsstyre.

Når det gjeld organisering av arbeid i kommunane, er erfaringa at dei kommunane som har evna mest, har satt av eigen stillingsressurs til å arbeida med tilflytting, hatt god organisering og kommunikasjon mellom sentrale personar i kommunen. I sluttfasen av prosjektet ser ein at kommunen si forplikting i prosjektet skulle vore definert tydlegare i startfasen, og satt som eit krav frå prosjektet. Det ville spart prosjektleiar for mykje arbeid og purring.

Det er viktig å involvera ungdomane i regionalt utviklingsarbeid, og ungdomsråda er nyttelege verktøy i denne samanheng.

## Informasjon

Informasjon via media, møte og flygeblad er viktig for å orientera innbyggjarane om aktiviteten i prosjektet. I prosjektperioden har ”Flytt til Hardanger” (FTH) hatt nærmare 200 unike innslag i media, og då hovudsakleg lokalavisser og lokalradio. Prosjektet har halde folkemøte i alle Hardanger-kommunane og sendt informasjonsbrosjyre til alle husstandar. Prosjektleiinga har prioritert informasjon og har stilt på alle konferansar og møte som me har vorte inviterte til og jamneleg sendt informasjon til lokalavisser/radio om aktivitetar i prosjektet. Prosjektet har arrangert to temsamlingar. I og med at så mange personar har vore involvert i prosjektet og mange oppslag i avisene, har innbyggjarane i Hardanger fått god informasjon om prosjektet.

## Raske resultat

Det er viktig å få raske resultat på nokre felt og få pressedeckning på det, det gjev legitimitet. I FTH var samarbeidet med Placement utvikling med på å gje oss god tilflytting frå Nederland, Tyskland og Belgia i starten. Ein må ha fokus på å få raske resultat samtidig som ein arbeidar med dei prosessane som er tyngre og tar lengre tid.

## Bustad

Bustad er ein nøkkelfaktor for auka tilflytting i mindre distriktskommunar. Bustad og aktiv bustadpolitikk var eit tema som vart presentert for politikarar og kommuneadministrasjon allereie hausten 2007. Det er veldig ulikt kor aktivt kommunane har involvert seg i bustadspørsmålet og kor aktiv bustadpolitikk dei har ført. I samband med flytting er det trond for utleigebustader, dvs

gjennomgangsbustader, som vert nytta i 3 – 5 år. Me har opplevd at i mindre kommunar med mindre bustadmasse er det trøng for ein meir aktiv bustadpolitikk som inneber kartlegging av bustadmarknad, kontakt med huseigarar av tomme hus, leilegheiter, kårhús og sommarhus for å få desse ut på marknaden. Oppussingstilskot har vore eit nyttig verkemiddel i fleire av dei mindre kommunane. Huseigar får då eit oppussingstilskot (pluss rentefritt lån hjå nokre) frå kommunen mot at dei forpliktar seg til å leiga ut bustaden i inntil 5 år. I dei største kommunane er det større bustadmasse og eit ”raskare” bustadmarknad med stadig nye bueiningar på marknaden. Attraktive bustadtomter, dvs rause og ofte sentrumsnære tomter kan vera eit verkemiddel for å få utflytta hardingar til å flytta heim att, viser marknadsundersøkinga som er gjennomførd blant alle 31-åringane som er vakse opp i Hardanger (2008). Ein aktiv bustadpolitikk på regional og lokalt nivå, vil vera endå meir avgjerande i neste fase av den regionale utviklinga.

## Marknadsføring

I marknadsføringsarbeidet gjorde ein eit grundig forarbeid før ein starta den store marknadskampanje, som var hovudaktiviteten i prosjektet, ref. måldefinering. Ein innleia eit samarbeid med Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) hjå Hordaland fylkeskommune, og AUD gjennomførte ei større marknadsundersøking blant alle 31-åringane som er vakse opp i Hardanger (2008) samt fokusgruppe med både hardingar og ikkje-hardingar i Oslo og Bergen. Ein brukte to år på å koma fram til uttrykk og innhald i kampanjen. Målgruppa for kampanjen var personar i etableringsfasen, 25 – 45 år. I tillegg hadde ein spesielle aktivitetar retta mot utflytta hardingar i denne aldersgruppa. I prosessen med å finna det rette uttrykket på kampanjen, var fylgjande moment viktig for marknadsføringsgruppa: Naturen som ein av dei største føremónane, unngå ”inflasjonsmotiv”, men halda på særmerka: Fjell og fjord. Identifisering med kampanje i regionen, bruk av nynorsk i skriftleg materiale, bruk av dialekt, t.d. ”aoko” i radioreklame, autentiske personar, kort og grei bodskap. Ein landa på 3 nøkkelord: Lukka, friluft og tryggleik. Ein visualiserte nøkkelord og gjorde bruk av humor ved å ta inn Supermann. Det vart brukt sterke fargar, natur og teatralsk uttrykk. Dette gav Hardanger eit humoristisk og moderne uttrykk. Prosjektet har fått veldig gode tilbakemeldingar på uttrykket i kampanjen både frå personar i målgruppa som bur i og utanfor regionen. Det var særskild god trafikk på heimesidene dei dagane me hadde nettbasert reklame på framsida av dei store avisene Aftenposten og BT. I etterkant av den store marknadskampanjen opplever me at heimesida til FTH er etablert som ein nettstad der ein finn oversikt over hus, ledige stillingar og anna nyttig informasjon i samband med flytting til Hardanger, og nettsida vert nytta av andre tilflyttarar enn dei som me har rekruttert direkte inn via prosjektet.

## Oppnådd ei sterkare regional kjensle

Gjennom prosjektarbeidet har ein diskutert seg fram til løysingar som er til det beste for regionen, basert på erfaringsutvekslingar frå eigen kommune / miljø og det har vore ein raushet blant prosjektmedarbeidarane til å dela sin viten. Dette har resultert i at den regionale kjensla, hardangeridentiteten, har vorte sterkare. Ei styrking av

Hardangeridentiteten og eit regional fokus når ein tenkjer utvikling og framtid, er truleg det viktigaste ein har oppnådd gjennom prosjektet.

## Kontakt med prosjektmedlemar

I eit prosjektarbeid er kontakt med prosjektmedlemane viktig. Prosjektleiar og delprosjektleiar bør ha eit personleg engasjement for prosjektet. Når det gjeld å halda motivasjonen oppe blant prosjektmedarbeidarar, er møter, gjerne med sosial del (mat) og gjennomføring av større fellesarrangement noko som skapar samhald og motivasjon i prosjektarbeidet. Prosjektet har deltatt på messer, arrangert større samlingar for alle tenestetorg i Hardanger og alle ungdomsråd i Hardanger.

## Regional utvikling framover

Det er viktig at ein opprettheld fokus på regional utvikling framover, og at ein arbeidar aktivt for å oppretthalda den gode utviklinga som Hardanger er inne i. Regional utvikling er noko som krev eit målretta og grundig arbeid i lengre tidsperspektiv for å gje varige endringar, ein bør ha eit perspektiv på 5 – 7 år i neste fase. Fordelen ved å organisera prosjektarbeidet i ein 3-års fase i byrjinga, er at ein får fullt fokus og trykk på aktivitetar og resultat. Men når ein har satt i gang eit så omfattande og stort prosjekt som FTH skapar ein forventing hjå fleire partar, både innbyggjarane i Hardanger og målgruppene ein har marknadsført seg inn mot. Det må ikkje bli slik at Hardanger ”ikkje ynskjer tilflytting” etter mai 2010. Flytteprosessar tek tid, og den offensiven ein har hatt inn mot utflytta hardingar og andre målgrupper kan gje ytterlegare resultat om 1 – 5 år, og då må Hardanger ha eit mottaksapparat og ein vilje til å møte desse potensielle tilflyttarane. Det er uttalt frå fleire personar som har arbeidd med prosjektet at om ein stoppar aktivitet og samhandling no, vil prosjektet framstå som ei ”boble”, og det vil vera tungt å mobilisera til ny innsats om det vert stopp 1 eller 2 år.

## Vidareføring av aktivitetar

Dette kapittelet er PL sine tankar om kva som er viktige moment i det vidare arbeid med regional utvikling, basert på erfaring gjort gjennom prosjektet og erfaring frå andre utviklingsprosjekt.

Det er viktig å fortsetja med stort fokus på regional utvikling i Hardanger. Hardanger er inne i ei god utvikling, og det er viktig at me utnyttar det og tek med oss det gode samhaldet og arbeidsmoralen for ei felles utvikling i Hardanger som er opparbeidd gjennom ”Flytt til Hardanger”. Tidshorisonten på fase 2 i regional utvikling i Hardanger bør ha eit 5 – 7 års perspektiv, så ein får meir ”ro” over arbeidet.

For å kunna gjennomføra ein fase 2 i regionale utviklingsprosjekt er det viktig å ha med Hordaland Fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune var den største økonomiske bidragsyturen i fase 1, og Hardanger er avhengig av eit bidrag opp mot same nivå for å fortsetja det gode arbeidet. I tillegg til finansiering, har Hordaland fylkeskommune bidrige med fagkompetanse på marknads- og prosjektarbeid samt formidling av nyttige kontaktar, dette har vore svært viktig. For å få eit like godt resultat i fase 2, er Hardanger avhengig av at fylkeskommunen ynskjer å engasjera seg med kompetanse og midlar.

Ein må behalda namnet ”Flytt til Hardanger” inn i fase 2, då det er brukt mykje tid og ressursar på å etablere dette namnet, og det er vorte eit omgrep blant innbyggjarane i Hardanger og andre me har marknadsført oss mot. Nettsida til FTH og kommunevertskapet vert nytta av folk som flyttar til Hardanger, både dei som er direkte rekruttert gjennom prosjektet og andre.

For å visa at Hardanger har ”stayerevne” og prioriterer å halda fokus på dei gode erfaringane, bør ein reindyrka ”Flytt til Hardanger-konseptet” med kjerneaktivitetane til prosjektet: Heimeside [www.flytilhardanger.no](http://www.flytilhardanger.no), kommunegruppe, kommunevertskap, samling for tenestetorgtilsette, integrering av tilflyttarar, treff for utflytta hardingar og rekruttering av nye tilflyttarar.

Det er viktig å halda fokus på fortsatt tilflytting, å få fleire tilflyttarar i etableringsfase til å busetja seg i regionen. Berre på denne måten vil ein kunna redusera dei årlege fødselsunderskota. Asplan Viak påpeikar i rapporten sin at positiv netto tilflytting vil vera den viktigaste kjelda til å oppretthalda ei positiv befolkningsutvikling sidan dagens befolkningsstruktur ikkje gjev naturleg vekst gjennom fødselsoverskot.

Det skjer store endringar på samferdselsfeltet i Hardanger, med dei store samferdselsprosjekta Hardangerbru, Vossapakka, Jondalstunnel og Kvammapakka. Hardangerrådet har saman med Hordaland fylkeskommune sett på kva moglegheitar dette gjev Hardanger, og det er ynskje om å fokusera på dette i den vidare regionale utviklinga.

Merkevare Hardanger bør revitaliserast framover, dei 7 kommunane sit på eit veldig sterkt merkenamn som bør nyttast så mykje som mogleg. Utad er Hardanger ein region. Merkevare Hardanger bør utvidast i høve førre prosjektperiode til å gjelda: Merkevareprodukt, årlege marknadsføring av regionen med ulike fokus: Tilflytting, næringsliv, kompetanse, m.m., PR-arbeid, messer og identitetsbygging/regionstanke.

## Tilbakemelding på prosjektet (2007 – 2010) frå Hardangerkommunane

Når det gjeld intervju av kommunetilsette og politikarar, har me fått følgjande tilbakemelding:

### Frå kontaktpersonar og tenestetorg i kommunane:

*Kjenneteikn ved ”Flytt til Hardanger” (FTH): Placement, Kontaktnett, tenestetorga, indremedisin, synleggjering, samhandling, engasjement, mykje fokus på hus og jobb, har skaffa resultat på det. Mykje fokus på utanlandsdelen av prosjektet i starten, har vore rett. Skjønte at ein måtte ha fokus på bustad. Viktig å møtast på tvers av kommunane, tenestetorga har vore viktig. Sterkt engasjement når ein er involvert i mykje arbeid. Samling og faste møtepunkt har gjort godt internt.”*

*Vurdering av prosjekt: ”Regionen har vore eit kjenneteikn, at ein har vore flink å jobba ilag, Gjeve fokus på tilflytting, der ein har fokus skjer det noko, auka folketal, gjeve oss tilhørighet i Hardanger, på tvers av kommunane. Førebuing bra i tenestetorg, henvisa til kontaktpersonar som har vore kommunevertar. Gode rutinar og verktøy. Godt basis- og grunnlagsarbeid. Regionstankegang godt forankra,*

*prosjektet godt forankra i kommunane. Folketalet er snudd. Prosjektet er ei boble om det vert avslutta no."*

Det vert òg nemnt av fleire kontaktpersonar og tenestetorg at ein bør involvera lokalpolitikarar og næringslivet i endå større grad.

### **Frå ordførar og rådmenn:**

*Samarbeidet innan FTH har fungert godt mellom kommunane. Dette har vore eit felles prosjekt. Kjenneteikn ved prosjektet:*

- \* Godt kommunalt samarbeid
- \* Godt organisert
- \* God oppfølging frå prosjektleiar
- \* Positive haldningar heile vegen ("Ja, det ordnar me")

*Ein må på ein eller annan måte halda på engasjementet til dei unge, om det vert i regi av den eine eller den andre.*

*Flytt til Hardanger-prosjektet har utan tvil ført til mykje større fokus på dei utfordringane vi stod framfor, og prosjektet har på ein flott måte grepe fatt i konkrete tiltak som måtte gjerast for å få til auka tilflytting. Avtalen med Placement sette i gong prosessen, og vi fekk klare tilbakemeldingar på kva vi måtte gjere. Dette fokuserte på at det måtte skaffast husvære til dei som ville komme, men vi vart og utfordra på at vi må vere gode vertar for dei som ønskjer "ein ny tilværelse" i Hardanger. Men det er også verdt å merke seg at alle dei andre tiltaka som er iverksette gjennom prosjektet ser ut til å ha ført til at Hardanger er "blitt satt på kartet". Prosjektet er og eit glimrande eksempel på at interkommunalt samarbeid er vegen å gå. Vi har samarbeidd og pusja kvarandre framover, og vi har lært av gode erfaringar frå nabokommunar. Og ikke minst - gjennom samarbeid fekk vi fylkeskommunen på banen som den tunge finansieringskjelda vi var avhengig av. Kjenneteikn ved prosjektet er samarbeid, målfokus og sterkt engasjement.*

*Det har vorte mykje større fokus på kva folketalet har å seie for heradet og tenestetorget er medvitne på kommunevertskapsrolla på ein veldig god måte no. Har og større fokus på Hardanger, sjølv om vi nok kan bli endå betre her. Prosjektet er kjenneteikna av positivt fokus, dvs at vi vert meir merksame på folka rundt oss. Ikke berre dei som er nye, men meir generelt. Bør halde fram med treff i Bergen, saman med lokalt næringsliv. Viktig kontaktpunkt for utflytta hardingar og god rekrutteringsmøglegheit for verksemndene.*

*I det kommunale arbeidet har det vore eit aukande fokus på, og mindre skepsis til, samarbeid mellom kommunane. Det har vore aukande interesse for å marknadsføra seg som ein del av Hardanger, også for bedrifter.*

### **Kjenneteikn ved "Flytt til Hardanger":**

- *Meir openheit og samarbeid mellom kommuneadministrasjonane*
- *Mange involverte*
- *Stort engasjement blant dei som har vore med*
- *Stor breidd, næringsliv, kultur, kommunar*
- *Liten politisk deltaking og engasjement ut over ordførarane*

**Prosjektet har:**

- *Vore vellukka, trenden i folketalsnedgangen er snudd.*
- *Opna for meir samarbeid mellom kommunane, mindre skepsis og større rausheit. Lettare å sjå fordeler med kommunesamarbeid.*

*Prosjektet må forlengast i ein eller annan form, for å ikkje få eit vakum, fokus på tilflytting må vera ei oppgåve som ikkje vert avslutta.*

## Bakgrunnsmateriale for prosjektperiode 2011 - 2014:

### ASPLAN VIAK: Utdrag frå Mogelighetsstudie Hardangerbru

(Utdrag - Rapporten tek utgangspunkt i kommunane Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin. Skrive av Barth, Steine, Henricson, Boge og Haugberg, november 2010)

Aukinga i folketalet i regionen i 2009 skuldast først og fremst at det har skjedd eit ”brot” i flyttemønsteret i Ulvik og Ullensvang. Eigentleg ikkje skjedd endring i Eidfjord og Granvin, men tydeleg endring i Ulvik og Ullensvang. Om lag halvparten av dette skiftet har kome som følgje av auka innvandring frå utlandet, resten som endring i høve til resten av Noreg. (s.12) Spørsmålet er om skiftet i folketalet er eit kortvarig eller meir varig skifte. Erfaringa tilseier at veksten i byggje- og anleggsbransjen er mykje av årsaka, og ein viktig drivkraft for utviklinga....Den samla nedgangen i sysselsettinga i hotell- og restaurantnæringa i 2009 er bekymringsfull, særleg viss den ikkje tek seg opp att i 2009 (2010?, merknad ath). Så langt ser det ikkje ut til at det har vore eit systembrot i regionen. Sjølv om regionen har hatt eit lyft i 2009, er det sannsynleg at oppgangen er kortvarig. Denne konklusjonen er særleg gjort med bakgrunn i korrelasjon mellom talet på nye innbyggjarar og vekst i arbeidsmarknaden. Det er grunn til bekymring når ein ser nedgang i handel og meir langsiktige bransjar som hotell og restaurantbransjen, medan veksten i særleg grad kjem i konjunkturutsatte bedrifter (og kanskje som følgje av sjølve bruutbygginga) i bygge- og anleggsbransjen. (s.13-14)

Dersom ein studerer sjølve veksten, ser ein at om lag halvparten av dei nye innbyggjarane kjem frå utlandet som følgje av innvandring.... Gjennom ”Flytt til Hardanger” har regionen fått fleire familiar frå Nederland som nye innbyggjarar. Dette kan tyda på at innvandrarar flytter til regionen av andre grunnar, og at veksten i bransjen såleis er norsk.(s.14)

For å sikre vidare vekst i folketalet i regionen har ein kanskje to val. Ein kan prøve å leggja til rette for ytterlegare tilflytting frå Nederland, eller ein kan satse på å auke den norske tilflyttinga. I dag ser det ut som det er den norske tilflyttinga som i særleg grad heng saman med sysselsettinga. Det tyder også på at arbeidsplassar i regionen blir viktig dersom ein skal satse på denne flyttestraumen. Innvandrarane ser ut til å flytte til regionen av andre grunnar,

til dømes attraktive buområde, landskapet, osv. Viss ein skal trekkja til seg denne gruppa menneske bør ein kanskje derfor satse på ein annan type konsept for vidare utvikling.(s.15)

Konsekvensanalysen for Hardangerbrua går langt i å seia at dei ikkje trur på auka vekst i regionen, og at ”transporttiltak vil medverke til omfordeling av aktivitetar, utan at dette i sum nødvendigvis skapar netto vekst”. Betre transportvilkår vil utløysa vekst først og fremst dersom transportvilkåra tidlegare har hindra utnytting av lokale materielle, menneskelege og kulturbaserte ressursar. Analysen vår konkluderer med at vi ikkje trur på auke i innbyggjarar i dei komande åra. (s.29)

Noreg har aldri vore inne i ein større urbaniseringssprosess. Det vi opplever no er stort i europeisk samanheng. SSB opplyser at over 50 % av norske kommunar vil oppleve ein reduksjon i folketalet dei komande åra. Samstundes er folketalet i Noreg i kraftig vekst. På den andre sida ligg det også moglegheiter i situasjonen. Det har aldri vore fleire menneske som flyttar her til lands, og dermed aldri fleire som leitar etter ein ny stad å bu. Dei kommunane som vinn tilflyttarar framover vil oppleve ein kraftig vekst. I følgje alle offentlege spådommar er vekst ein føresetnad for utvikling. (s. 30)

